

Allsong med lokale tekstar



Hans Gustav, Reidar og Kristian vert sentrale i allsongsprogrammet også denne gongen.

**Alt er klart for Allsong i sjøkanten på Systrene Nilsen i morgon, laurdag, kl. 15.
Gjesteartisten er Per Myklebust, ein av medlemene i den lokale dansebandgruppa Jubelgutta på 1960talet.
Med i gruppa var og Hans Gustav Mussland, Reidar Myklebust, Rolf Sunde, Bjørn Klette og Amund Matre.**

Tekstane til allsongen er på plass.

Av nye tekstar kan vi nemna Daltrekk og draum av Olaf Agnar Gausvik til melodien Flicka frå Backafall. Ein vil og finna fram ein ny tekst av Johannes Kleppevik, - Per, vil du danse.



Per Myklebust(nærast) på trompet vert den tredje frå Jubelgutta som deltar i det populære songprogrammet. Systrene Nilsen vonar på godt frammøte slik det har vore dei tre siste åra. Allsongen er delt inn i to økter. I pausen er det høve å kjøpa kaffi og kake.

Teksten til **Daltrekk og draum:**

Gøymd attom øyar; men fylgjer eg fjorden
 langsetter landet på leitande ferd, bikkar
 eg berre litt styrbord på roren, stemner så
 fram til ei heilt anna verd:
 Storsund med småskjer, med nes og med vikar
 gjer meg så inderleg fegen og fjåg. Her
 er eg sutalaus fante og frikar;
 stilt glir eg inn på min heimlege våg.

Barndommens landskap, det kjende og kjære,
 speglar seg vensamt i blikrande sund. Her har
 eg ferdast frå fjell og til fjære, no er eg gjest her
 ei signerik stund. Eventyr er det for syn og for
 sansar, fargane flyt og Vår Herre held fest;
 berre ein svalande austavind dansar alt medan
 solkula gløder i vest.

Her skal vi møtast som nabo og neste
 utan å sjå etter bjelke og flis, tolka all
 mistru og tvil til det beste; venskap og
 vørndnad skal vera vårt vis. Dette er

draumen som ingen kan stela, lever
han i deg, så lengtar du heim der kan
du kjenna langt inne i sjela, daltrekken
mildna til linnaste sveim.

Melodi til songen er: Flicka frå Backafall, og den kan de høyre her: <https://www.youtube.com/watch?v=YGdFKlgzz6Q>



Tekst: Kristian O. Bringedal.

Foto: Aud Karin Bjelland Løfall og Ola Matti Mathisen. Nett:
Thor Inge Døssland.